

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 23.11.2023, kl. 09:00-12:40
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

Forfall

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Ivar Eriksen	Medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom
Øystein Hellesteth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjølraug, fagdirektør
Heidi Vederhus, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Navid Beigi, overlege
Ann Kristin Personbråten, spesialsjukepleiar

SAKLISTE

Saksnummer	Sakstittel
070/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet
071/2023	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.10.2023
072/2023	Administrerande direktør si orientering
073/2022	Rapportering frå verksemda per oktober 2023
074/2023	Budsjett 2024 - løypemelding
075/2022	Tilstandsgrad for sjukehusbygga i Helse Førde
076/2023	Plan for internrevisjon i Helse Vest og Helse Førde 2024-2025

Saker til orientering:

077/2023 Eventuelt
 Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Nestleiar Anne Sissel Faugstad ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Overlege Navid Beigi og spesialsjukepleiar Ann Kristin Personbråten orienterte om:
Tenesteutvikling i Ortopedisk poliklinikk

- Utfordringar etter pandemien
- Løysingar, med auka operativ aktivitet på Ortopedisk poliklinikk
- Bruke ressursar som er tilgjengeleg
- Operasjonar som tidlegare blei gjennomført på poliklinikken
- Nye typar operasjonar på poliklinikken 1 dag
- Effektivisering ved karpal tunnel syndrom operasjonar tidlegare og i dag
- I dag 8-14 operasjonar pr dag
- Sjukepleiar perspektiv
- Nokre av oppgåvene til sjukepleiaren
- Operasjonssjukepleiaren sine typiske oppgåver

Våre erfaringar:

God logistikk er avgjerande når antal operasjonar aukar. Må kunne jobbe på tvers av profesjonar. Må ha kjennskap til heilheiten.

Gevinstar:

- Team følelse, alle jobbar for effektiv drift
- Bedring av lokalanestesi teknikkar

- Redusert forbruk av eingongs utstyr på operasjonsstove
- Betydeleg forkorint av tida pasienten er på sjukehuset
- Frigjering av kapasitet på operasjon til større inngrep
- Langt færre behandlarar involvert i pasientforløpet
- Betre tid til pasient informasjon
- Motivasjon til å tenke nytt

Styret takka for orienteringa.

Sak 070/2023 Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet

Nestleiar Faugstad leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Ole Gunnar Krakhellen og Ivar Eriksen hadde meldt forfall

Nye skriv og meldignar som var utdelt/lagt på bordet:

1. E-post frå Flora Pensjonistlag vedr. Åpent brev til styre og administrasjon i Helse Førde
2. E-post m/presentasjon frå Sunnfjord Medisinske Senter (SMS) vedr. Innspill om hvordan å bevare areanaer og mulighetsrom – skrevet til HF's prosjekt om innsparinger

Nestleiar Faugstad stilte spørsmål om habilitet til dagens sakliste.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 071/2023 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.10.2023

Korrigerings til side 2, der det under sakliste skal stå:, "samt spørsmål om habilitet"

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.09.2023, med ovannemnde retting side 2.

Sak 072/2023 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om nytt punkt 7 “Sak relatert til arbeidsmiljø” til lukka del, jf. Helseføretakslova §26 a

Adm. direktør Varden innleia med bilde av Nils Sletteskog som vart utnemnd til æresmedlem i Norsk kirurgisk forening.

1. Rapportering tilsynssaker

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Faugstad stilte spørsmål om “Høyring - Barnevernsinstitusjonsutvalget NOU 2023:24”, som har svarfrist 15.12.2023. Vi må påregne kostnader til ressursar overført til spesialisthelsetenesta.

Direktør Tvedt orienterte kort om høyringa.

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Status lærlingar

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om: Lærlingar i Helse Førde - andre halvår 2023

Helse Førde har 23 lærlingar innan desse fagområda:

- Ambulanse, 10
- Kokk, 1
- Portør, 1
- Helsefag, 11

Nasjonal helse og sjukehusplan skisserer auke i tal lærlingar både i helsefag og i andre lærefag som er relevante i sjukehus, også å opprette eit opplæringskontor.

- *Styret kommenterte at det er viktig å auke tal helsefaglærlingar. Kan det vere aktuelt med lærlingar innan drift og eigedom?*

5. Livsfasepolitikk

HR-direktør Skjelten orienterte om: Likestilling, inkludering og mangfald (LIM)

Det blei oppretta eit eige LIM-utval som er underutval til FAMU. Utvalet består av representantar for arbeidsgjevar, tillitsvalde og verneombod. Det er etablert to mål med underliggende tiltak for 2023:

- Mål 1: Helse Førde skal spegle mangfaldet i befolkninga og legge til rette for inkluderande rekruttering.
- Mål 2: Helse Førde skal arbeid for jamn kjønnsfordeling for leiarar på alle nivå, og betre kjønnsfordeling innan alle stillingsgrupper.

Status tiltak LIM vart gjennomgått.

6. Omstillingsarbeid knytt til Nye Førde sjukehus

Adm. direktør Varden innleia om at vi har konstruktive omstillingsprosessar.

HR-direktør Skjelten orienterte om: Omstillingsprosessar Livabygget

Vi har eit omfordelt omstillingsdokument. Vi har eit overordna utval for omstilling.

Status:

- Ca 170 sjukepleiarar og helsefagarbeidarar sett i omstilling knytt til sengepostar og pasienthotell
- Ca 45 sjukepleiarar og helsefagarbeidarar sett i omstilling knytt til poliklinikk og medisinsk dagbehandling
- 11 medarbeidarar sett i omstilling knytt til avslutning av prosjektorganisasjon Nye Førde sjukehus
- Stort arbeid knytt til etablering av nye turnusar
- Andre omstillingsprosessar vil henge saman med resterande prosjekt i pasientens helseteneste
- Risikerer også at tiltak knytt til budsjett 2024 vil medføre omstillingsprosessar

LUKKA DEL:

Helseføretakslova § 26 a

7. Sak relatert til arbeidsmiljø

Adm. direktør Varden orienterte.

OPEN DEL:

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 073/2023 Rapportering frå verksemda per oktober 2023

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapporteringa

- Innan fag er situasjonen knytt til tilgjengelegheitsindikatorane i hovudsak undra sidan førre månad

- Administrerende direktør ventar at dei målretta tiltaka vi har sett inn for å redusere ventetidene vil påverke indikatorane frå neste månad
- Det er reduksjon av fristbrot i oktober, med 255 nye
- Resultatet for oktober er negativt med 5,8 millionar kroner, som er 7,4 millionar kroner bak budsjett
- Hovudforklaringa er lågare aktivitet enn budsjettert og meirforbruk knytt til løn
- Sjukefråværet for september var 7,7 prosent. Ein auke på 1,3

Fagdirektør Kjølraug orienterte om: Fag og kvalitet

Aktiviteten - overordna pasientflyt per oktober viser:

Nytilviste 5 807 (-2%)	Ventelistekø 7 476 (-4%)	Totalkø 45 702 (3%)	Avslutta 5 776 (5%)
------------------------	--------------------------	---------------------	---------------------

Det er viktig å ha fokus på heile pasientflyten.

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser uendra status i somatikk.
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser uendra for somatikk.
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid for ventande, viser at Medisinsk klinikk har innfridd målalet.
- Fristbrot oppstått i perioden er nedadgåande og viser 255 nye i oktober
- Fristbrot og trendar: januar 2023 – oktober 2023
- Ekstra tiltak – fristbrot innan gastroområdet. Vi har fått tilført midlar ca 520.000 kroner til gjennomføring/planlagt ut året ved Lærdal sjukehus, Nordfjord sjukehus og Førde sentralsjukehus.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Aktivitet somatikk hittil i år viser eit avvik på 180 DRG poeng i perioden. DRG-produksjonen hittil i år er 472 poeng lågare enn budsjettert.

Beleggsprosent for sengepostar i somatikk viser 66 prosent. Beleggsprosent for Psykisk helsevern viser 64 prosent.

Netto månadsverk viser 2034. Brutto månadsverk viser 2464.

Samla sjukefråvær i september var 7,7 prosent.

Resultat i oktober er minus 5,8 millionar kroner, som er eit avvik mot budsjett på minus 7,4 millionar kroner. Resultat hittil i år er på minus 15,7 millionar kroner, som er eit avvik mot budsjett på 32,4 millionar kroner.

Styret stilte spørsmål om økonomisk gevinst av nybygg, som Dagabygget og Livabygget.

Adm. direktør Varden sa at vi har eit økonomisk mål på omlag 10 millionar kroner på Livabygget.

Direktør Tvedt orienterte om Dagabygget, der 5 millionar kroner er tatt ut i innsparinga, og direkte inn i budsjettet

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per oktober 2023 til vitende.

Sak 074/2023 Budsjett 2024 - løypemelding

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Budsjett 2024 og arbeidet med tiltak

Ute i organisasjonen skal budsjetta vere ferdigdrøfta 24. november. Budsjettet skal vere klart til 5. desember. Tidslinje viser at Helse Vest gjer vedtak 15. desember.

Kva har endra seg sidan sist styremøte? Helse Vest har estimert effektiviseringskravet til over 250 millionar. Helse Førde sin del vil utgjere 25 millionar. Driftskostnader knytt til Helse Vest IKT auke med 5,7 millionar.

Vurdering:

- Reelt sett har innsparingskrav for HFD auke med om lag 30 millionar samanlikna med førebels rammer
- Før konsekvensar av Nye Førde sjukehus har dermed utfordringsbildet auka frå 100 millionar til 130 millionar
- Dersom denne utviklinga held fram må Helse Førde ha dialog med Helse Vest om strukturtilskot alt neste år, jf. Styrevedtak 031/2021.

Styret kommenterte at desse punkta bør takast opp med eigar:

- *Vi må sjå på folkestalsutviklinga. Denne kan medføre strukturtilskot frå Helse Vest*
- *Midlar til Helse Vest IKT*

Kva betyr dette på kort sikt for budsjett 2024?

Det er krevjande å få budsjett for 2024 i balanse. Konsekvensen kan dermed bli at investeringsevna til Helse Førde blir vesentleg redusert

- Alternativa er å redusere resultatkravet tilsvarande utfordringa, eller vedta eit budsjett med utfordringsbilde som ikkje er løyst. Negativ prognose frå dag ein.
- I tillegg må vi gjennom 2024 revidere budsjettet etter kvart som vedtak på større tiltak vert fatta, og når konsekvensane av Nye Førde sjukehus er klare.

Styret kommenterte på alternativa.

Adm. direktør Varden svarte at vi ser på ei tilnærming med noko frå begge alternativa.

Adm. direktør Varden orienterte om:

- Kva ligg til grunn i prosess og vurderingar?
- Planlagt framdrift
- Innmelde tiltak

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om:

- Redusere investeringsbudsjett og vedlikehald av bygg
- Driftsbudsjett vedlikehald bygg, er på 14 millionar
- Investering – likviditet styrer balansen mellom drift og investering over tid
- Økonomisk langtidsbudsjett vedtatt juni 2023
- Analyse likviditet
- Viktige vedtak i styret

Vegen vidare vert å:

- Kvalitetssikre føresetnadane og gjere justeringar basert på innspel
- Risikovurdere nedtak av investeringsbudsjett og vedlikehaldsbudsjett
- Dialog med Helse Vest

Direktør Tvedt orienterte om:

Tronvik - Vurdere tenestetilbodet innan TSB og tilbodet på Tronvik

Forslag: Nedlegging av tilbodet på Tronvik

Bakgrunn for vurdering

Fakta:

- 15 senger med 65 prosent belegg
- I 2022 var driftskostnader 30,7 millionar innan PHV og 4,8 millionar for drift og eigeidom
- Innan PHV er det 37 årsverk fordelt på 54 tilsette
- Det er behov for vesentlege investeringar i bygningsmassen på Tronvik
- Det er ledig kapasitet ved Nordfjord psykiatrisenter

Prosessen til no:

Det er gjennomført orienteringsmøte med seksjon på Tronvik. Styret i Helse Førde har hatt ei orientering. Arbeid med utgreiing av saka og risikovurdering. Føretakstillitsvalde og hovudverneombod PHV har fått informasjon og delteke i risikovurdering.

Prosessen vidare:

Det blir informasjon til styret i samband med løypemelding budsjett. Drøfting med tillitsvalde på føretaksnivå. Legge saka fram i styremøte desember med forslag til høyringsfrist. Vedtak i januar/februar 2024.

Risikoanalysen vart presentert.

Direktør Guldhav orienterte om:

Lærdal - Ortopedisk avdeling

- Tenestetilbodet har vore vurdert i samband med Helse Vest sin gjennomgang av variasjon innan ortopedi og radiologi
- Kva? Redusere liggetid for pasientar til nasjonalt nivå. Vurdere endring i 12-døgnspost. Sjå på tilbodet knytt til skadepoliklinikk i helg.
- Når? Avhengig av turnusplanlegging. Gjennomføre i 2024, full effekt frå 2025
- Leiarlinja og tilsette informerte. Vidare prosess med detaljering. ROS-analyse med tilsette/ verneombod. Samarbeid/prosess med fastlegar/kommuneoverlegar.

Nordfjord sjukehus – Skadepoliklinikken

- Skadepoliklinisk tilbod blir dekkja av vikarar. Stabilt tilbod over tid.
- Har ei avtale med Stad kommune med oppseing på 12 månader
- Kva? Ta bort tilbodet? Erstatte med eit ortopedisk tilbod på dagtid?
- Når? Bundne i avtalar.
- Forutsett: Prosess med kommunane, kommuneoverlegar/fastlegar i området.
- ROS-analyse med konsekvensar for dei øvrige tilbodet ved Nordfjord sjukehus.

Adm. direktør Varden orienterte om: Sunnfjord Medisinske Senter

Prosess utgreiing innsparingstiltak i Florø

Kartlegging og vurderingar i avdelingane:

- Radiologisk avdeling
- Hudavdeling
- Medisinsk poliklinikk
- Smertepoliklinikk
- Læring- og meistring

Har motteke fleire innspel. Hadde dialogmøte med Kinn kommune og Sunnfjord Medisinske Senter 20.11.2023. Arbeid framover vert møte med tilsette, ferdigstille ROS-analyse, dialogmøte med Kinn kommune og Sunnfjord Medisinske Senter. Mål om ferdigstilling tilråding i veke 50.

Direktør Midtbø orienterte om: Parkeringsavgift

Avklaringar:

- Ta omsyn til tilsette med lang reisetid
- Ta omsyn til tilsette med spesielle behov
- Utarbeide kriterium for gratis/rabatt
- Høgskulen og dei som bur i Svanehaugvegen
- Administrere søknader om gratis/rabatt
- Drifte sjølve eller leverandør som ta mest mulig?
- Balansere inntekter mot kostnader for opparbeiding og drift av p-plassar

Adm. direktør Varden orienterte om: Oversikt tiltak

- Vurdere tenestetilbodet innan TSB og tilbod på Tronvik
- Utgreiing oppbygging av rehabilitering ved Førde sentralsjukehus
- Vurdere kva tenestetilbod vi skal ha i Florø
- Ortopedi Lærdal - vurdere tilpassingar i drifta
- Skadepoliklinikk Nordfjord sjukehus - gjennomgå tenesta
- Sommarstenging sengepost Indre Sogn psykiatrisenter
- Nye Førde sjukehus – tilpasse drift og prosjekt til økonomiske rammer
- Redusere 10 årsverk i administrasjon/stab
- Innføre parkeringsavgift på alle institusjonar
- Reduksjon av variabel lønn og faste tillegg
- Tilpasse drift – helg og ferieavvikling
- Betre ressursutnytting på tvers av sengepostar og poliklinikk
- Redusere investeringsbudsjett og vedlikehald bygg
- Er det fagområde kor medisinsk utvikling gjev moglegheit for endring?
- Er det fagområde med overkapasitet?

Styret kommenterte at det var grundig og god gjennomgang. Omstillingsdokumentet til Helse Førde vert viktig i prosessen framover.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 075/2023 Tilstandsgrad for sjukehusbygga i Helse Førde**Oppsummering:**

Saka samanstiller informasjon frå Multimap-kartlegging i 2020 og 2023 for den tekniske tilstanden for Helse Førdes bygg og komponentar. Det er eit mål at føretaket skal ha ein vekta teknisk tilstandsgrad ikkje dårlegare enn 1,2 og ingen prioriterte bygningsdelar eller komponentar skal ha tilstandsgrad 3.

Helse Førde har ein omfattande bygningsmasse som representerer store samfunnsmessige verdiar. For å kunne prioritere tiltak har Helse Førde delt bygg, areal og bygningsdelar i eigdommen opp i tre ulike kategoriar.

- Kategori 1: Kritisk areal og/eller bygningsdelar som er kritiske for å oppretthalde sjukehusdrift.
- Kategori 2: Ikkje kritisk areal og/eller bygningsdelar som har støttefunksjon til sjukehusdrift.
- Kategori 3: Bygg, areal eller bygningsdelar som skal ut av porteføljen eller skal rehabiliterast i samsvar med gjeldande arealplan.

Teknisk tilstandsgrad all bygningsmasse Helse Førde		
Lokasjon	Vekta tilstandsgrad	Tal komponentar TG 3
Førde	1,41	16
Nordfjord	1,17	2
Tronvik	1,73	75
Lærdal	1,43	29
Sogndal	0,95	0
Helse Førde	1,37	122

Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan og arealplan i løpet av våren 2024, basert på bl.a. vedteken vedlikehaldsstrategi og utviklingsplan 2021-2035 for Helse Førde.

Direktørmøte i Helse Vest har tilrådd at det blir sendt rapport til styra ein gong kvart andre år.

Vedtak (samrøystes):

- 1) Styret vedtek vedlagt «Vedlikehaldsstrategi for Helse Førde» ved utarbeiding av vedlikehaldsplanar, for å nå målet for tilstandsgraden for bygningsmassen vedtatt i styresak 068/2022.
- 2) Styret tek oppsummering av teknisk tilstand for bygningsmassen til Helse Førde i perioden 2020-2023 til orientering.

Sak 076/2023 Plan for internrevisjon i Helse Vest og Helse Førde 2024-2025

Oppsummering:

Styret i Helse Førde vert invitert til å vedta plan for internrevisjon for Helse Førde 2024-2025, og gje innspel til revisjonsplanen for Helse Vest i same periode. Målet er at dei to planane skal utfylle kvarandre, og at revisjonsprosjekta skal gje læringspunkt til utvikling av føretaka.

Styret ber om at det blir gjennomført revisjonshandlingar knytta til vedtekne risikoområder.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner plan for internrevisjon for Helse Førde 2024-2025, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.
2. Styret ber om at administrerande direktør overfor Helse Vest stadfestar saka som Helse Førde sitt innspel til internrevisjonsplan for Helse Vest 2024-2025, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.

Saker til orientering:

Sak 077/2023 Eventuelt

Adm. direktør Varden orienterte om at styrets eigenevaluering vert utsendt 24. november, med svarfrist 4. desember. Styrets eigenevaluering kjem på saklista til styremøte 19. desember.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var utsendt:

- Brev frå Kinn kommune vedr. Tilbakemelding til Helse Førde - Tilbod ved Sunnfjord Medisinske Senter i Florø, datert 09.11. 2023

Følgjande skriv og meldingar var utdelt i møte:

- E-post frå Flora Pensjonistlag vedr. Oppretthold og bygg ut spesialisthelsetjenestene ved Sunnfjord Medisinske Senter, datert 17.11.2023
- E-post frå Sunnfjord Medisinske Senter vedr. Innspill om hvordan å bevare areanaer og mulighetsrom – skrevet til HF's prosjekt om innsparinger

Ref. Berit Irene Haarklau
23.11.2023

Ole Gunnar Krakhellen (sett)	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen (sett)	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem